



Skjermknapp :

Ved å trykke på knappen, kan ein bla seg fram til ulike informasjon på skjermen.

Ut eller innkobling av straum på anlegget

Når ein kjem fram til **Braker-Off**, kan ein koble ut straumen på anlegget ved å halde på skjermknappen i ca 5 sekund, dvs til ein høyrer eit tydeleg klikk i målar.

Når ein skal ha straumen attende, blar ein seg fram til **Braker-On**, og deretter held ein på skjermknappen i ca 5 sekund, dvs til ein høyrer eit tydeleg klikk.

NB!

Ved utkobling av straum ved hjelp av brytaren som ligg i målar, vil nettselskapet ha kontakt med målar, og dermed lese av 0 forbruk. Dersom ein koblar ut straumen på anlegget ved hjelp av hovudsikring, vil nettselskapet få feil / manglande kommunikasjon med målar. I slike høve vert det automatisk estimert eit forbruk ut frå forventa årleg forbruk.

NB! TRYGGLEIK VED ARBEID PÅ DET ELEKTRISKE ANLEGGET

Dersom det skal utførast arbeid på det elektriske anlegget, skal ein alltid koble anlegget fysisk i frå straumforsyning. Dette er noko autorisert personell kjenner til